



Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland  
Kystverket Vest  
Fiskeridirektoratet Region Vest


Dato: 03.06.2015  
Vår ref.: 2015/4141-7  
Sakshandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## **H-L-19, H-ML-1, H-R-8 og H-ØN-4 Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512 - Søknad om endra plassering av anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 11652 Kjeppevikholmen i Meland kommune**

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av komplett søknad motteke 02.06.2015 frå Blom Fiskeoppdrett AS om endra plassering og utskifting av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11652 Kjeppevikholmen i Meland kommune.

Lokalitet 11652 Kjeppevikholmen er godkjent for oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 2340 tonn. Noverande etableringsløyve på lokaliteten er gjeve til eit stålanlegg med plass til 10 merdar. Noverande merdanlegg er klarert for omlag 18 dekar overflate areal.

Blom Fiskeoppdrett AS søker no om å få klarert areal for utlegging av eit plastanlegg med ei rammefortøyning som er 300 meter lang og 100 meter bredt. Samla overflate areal for merdanlegget vil vera 30 dekar. Anlegget vil bestå av 3 merdar, samt ein førflåte. Større ramme og justert plassering av anlegget medfører og at det vert endringar i fortøyningsarrangementet. Kartet under syner omsøkt anlegg.



Verksemda søker ikkje om endring i MTB i anlegget. Produksjonskapasiteten vil framleis vera 2340 tonn. Som bakgrunn for søknaden om endra anleggskonfigurasjon frå stålanlegg til plastanlegg oppgjev Blom Fiskeoppdrett AS mellom anna at dette vil medføre:

- At ein er lokalisert i tidlegare godkjent areal.
- Betre miljøforhold under anlegget.
- Sikrare anlegg i høve til å unngå rømming av fisk.
- Noko betre gjennomstrøyming av vatn i nøtene, og dermed betre oksygenforhold for fisken.
- Betre plass til fisken med tilhøyrande auka fiskevelferd.
- Betre fleksibilitet når ein skal avluse fisken.
- Meir effektiv handtering av presenningsutstyr ved avlusing.

Blom Fiskeoppdrett AS meiner at med den omsøkte plasseringa og med eit godt føringsregime vil ein få tilfredsstillande miljøforhold under og ved lokaliteten. Eksisterande lokalitet har ein uheldig plassering i forhold til borttransport av avfallsstoffer. Den ligger i le av ei flu som påverkar straumbildet. Dette har ført til at ein har opphoping av førrester etc. under lokaliteten. Ved å flytte anlegget ut i godkjend areal vil ein få betre gjennomstrøyming i merdane og betre borttransport av avfallsstoffer.

Resultat frå miljøundersøkingane som har vore gjennomført har vist ei negativ utvikling. Siste rapport frå april 2015 konkluderte med tilstandsklasse 4, meget dårlig, på eksisterande lokalitet. Tidlegare undersøking frå desember 2014 syner tilstand 4, februar 2014 syner tilstand 3 (dårlig), desember 2013 syner tilstand 4, mai 2013 syner tilstand 3, juni 2012 syner tilstand 2 (god) og januar 2010 syner tilstand 2.

Miljøundersøking på ny plassering syner tilstand 1, meget god. Søkjar har bestilt ei MOM C granskning som skal utførast i juni 2015. Rapport frå denne granskninga vil bli ettersend når denne er klar. Det er utført nye straummålinger på omsøkt plassering. For ytterlegare detaljar og informasjon viser vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Fylkeskommunen si vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. Vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Meland kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Blom Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerd/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Blom Fiskeoppdrett AS